



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Bjerke, Greta	[Godkjent dato] / [Godkjent av]	[VersjonVisning]

Informasjonsskriv 4 om koronavirus

Melding frå kriseleiinga i Vestnes kommune, knytt til tiltak for å redusere smitte som følgje av Koronaviruset:

I tråd med retningsliner frå sentrale myndigheiter stenger vi skulane og barnehagane i Vestnes, med verknad frå 13.03.2020 til 26.03.2020. For barn av føresette som har samfunnskritiske funksjonar, blir det lagt til rette for tilsyn for desse barna i deira ordinære barnehage og barneskule/SFO.

Samfunnskritiske funksjonar er definert til å vere:

- Styring og kriseleiing
- Forsvar
- Lov og orden
- Helse og omsorg
- Redningsteneste
- IKT-sikkerheit i sivil sektor
- Natur og miljø
- Forsyningsikkerheit
- Vann og avløp
- Finansielle tenester
- Kraftforsyning
- Elektroniske kommunikasjonstenester
- Transport
- Satellittbaserte tenester
- Apotek.

Vi ber føresette som har behov for tilsyn for sine barn om å ta kontakt med leiar i sin barnhage/barneskule for å få kartlagt dette. Vi oppmodar at føresett finn løysingar slik at barn og elevar kan vere heime. Vi viser elles til informasjon på Vestnes kommune sine heimesider og på Folkehelseinstituttet sine sider.

Tilsette møter på jobb som vanleg. Dette gjeld ikkje tilsette ved Fiksdal oppvekstsenter som er stengt både for tilsette og barn/elevar.

Med helsing

Jan Håkon Fjeldheim

Kommuneoverlege

Kristian Skålhavn

Administrasjonssjef